

# Referat frå møte i FAU-SMU 09.04.25

*Stad og tid:* Personalrom ungdomsskulen onsdag 09.04.25 kl.17:30

*Deltakerar:* Annette Dale Natås, Olai Aardalsbakke Djupvik, Eline Solheimsnes Sægrov, Agnes Holgersson, Rakel Myklebust, Stine-Renate Årdal, Solfrid Trå, Camilla Klakegg, Monica Vaulen, Iselin Sunde, Hilde Losnegard, Sonja Grøneng, Thomas Heggelund, Marte Hundvebakke, Jakob Andre Sandal og Reidun Sofie Myklebust

*Fråvær:* Politisk representant.

*Referent:* Hilde Losnegard

## Saker:

### - **Kvalitet og kapasitet – sak om skulestruktur, evaluere**

Skulestruktursaka har skapt uro og usikkerheit for om ungdomsskulen skulle bli lagt ned. Vi er nøgde over at vi får behalde ungdomsskulen vår.

Elevane fortel at dei har lært å vere i intervju og vere meir politiske. FAUmedlemane har også lært mykje i denne prosessen.

Annette fortel at skulen vil lage ei felles markering før sommaren for alle elevane på skulen.

### - **Div. info frå rektor, vernerunde + rapport om skulebygg, neste skuleår, innsparing økonomiplan, revisjon ordensreglement m.m**

- **Vernerunde:** Årleg vernerunde var gjennomført i november 2024 med vaktmester, plasstillitsvalgt og verneombud.

- **Rapport om skulebygg:** I samband med skulestruktursaka vart det laga ein ny rapport i mars 2025. Rapporten konkluderte med at det ikkje var trong for særleg renovering av ungdomsskulebygget.

- **Evaluere ordensreglement:** Vi blir enige om å legge til ei setning om at smartklokker skal leggst i sekk og settast i skulemodus.

Lærerar og elevråd vil i lag sjå på om det er trong for å oppdatere regler for friminutt i hallen.

- **Økonomiplan:** Annette informerer om nedtrekk i rammetimar frå hausten 2025. Skulen har også fått innsparingskrav som gjeld ut dette skuleåret. Det er per no innkjøpsstopp, stopp i overtid og meirarbeid. Dei nye føringane gjer at skulen må vere kreative i høve organisering av timer og undervisning.

- **Vi avtalte nytt møte i FAU 21.05.25 kl.17:30.** I møtet vil vi sjå meir på om vi skal søke tilskot til trafikktryggingsaktiviteter. Vi vil også drøfte klassekonto og informasjon som kan sendast ut til klassane.